



3.1 Ørsta - Saudehornet

Saudehornet er mønet på det ruvende fjellmassivet nord for Ørsta. Fjellet har fortøpper på fjellryggane i alle retningar. *Vikshetta* har fjellet også vore kalla. På Vartdal heiter fjellet *Tryhorna* etter dei tre taggane som syner frå denne sida.

Ei **middels tung** oppstigning på **4 km**. Dei fleste brukar under **3 t** frå **140-1303 m**.

Sving opp frå E39 aust for Møre Folkehøgskule. Ta til høgre etter 200 m, og så straks til venstre opp Skålavegen. Parker ved vassverket.

Gå anleggsvegen heilt opp til svingen. Det går sti frå øvste ventillhuset med kryssing av det bratte elvegjølet, og vidare rett opp til ryggen bak *Vallahornet*. Du kan også gå frå øvste steinfyllinga, det er sporadisk sti inn i *Vikeskåla* og opp bakkane til starten på sørryggen. Stien buktar seg vidare opp den bratte sørryggen til toppes.

Vallahornet, 833 m, er ein spenstig liten fortøpp til Saudehornet, rett opp for Ørsta sentrum. Du når toppen **lett** via rute 3.1, men går meir rett på sak frå inngangen til Skytjedalen og opp søraustryggen. Knyt gjerne rutene saman til ein fin rundtur.

Nivane er framkanten på eit platå der ytterpunktta heiter *Vardehornet*, nær *Skålaskaret*, og *Lågehornet* og *Heidskredhornet* mot Skorgedalen i vest. Ryggen frå inngangen til Vikeskåla gir ei **lett** rute til topps.

Kyrkjetinden, 1070 m, ligg på kanten mot *Nupadalen*. Den **middels tunge** ruta startar ved svingen i *Fonnavegen* og følgjer skogsvegen eller sti opp til skoggrensa. Ope vidare inn i *Skytjedalen*, og det er fritt fram oppover bratte lyng og steinbakkar til topps.

Heilt til venstre: Frå motbakkeløpet i 2007.

Venstre. "De øverste 200 meter er de bratteste og slemmeste; de er dog ikke værre end at damer har klatret dem" skreiv Emanuel Mohn i 1882. Etter vårt syn ein flott topptur som fleire enn ørstingar bør kunne seg.

